



Espen Haugen  
Litlebergen 23  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/694 - 16/5438

Saksbehandlar:  
Reidun Elin Johannessen  
reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no

17.03.2016

## Enkeltvedtak § 7-1 - skuleskyss

*Gjeld: Skyss på strekninga Litlebergen – Grasdal skule*

Meland kommune viser til søknad som vart sendt per e-post 07.03.2016 frå Espen Haugen, som gjeld skuleskyss på strekninga Litlebergen – Grasdal skule grunna farleg veg.

### Vedtak

Meland kommune godkjenner skuleskyss heile året på strekninga *Litlebergen – Grasdal skule* for 1.-7. trinn. Vedtaket gjeld frå uke 14, 2016 (og med atterhald om at skyssstilbod er etablert). Vedtaket gjeld til gang- og sykkelsti er etablert.

Vi ber føresette følge med på skulen sine heimesider når det gjeld tidspunkt for skuleskyss.

### Rettsleg grunnlag

I opplæringslova § 7-1 første ledd står det: «*Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda*».

### Saksforhold

Kommunen har motteke søknad om skyss basert på farleg skuleveg på strekninga Litlebergen – Grasdal skule.

Søklar grunngir søknad med følgjande punkt:

- Trafikkbilete har endra seg mykje i det siste
- Vegen har ikkje vore utbetra i nokon grad
- Det er ein særleg farleg skuleveg
- Vegen er utan vegskulder og/eller fortau
- Barn frå 2. trinn på gå i vegbanen

Elevane frå 1. -7. trinn har allereie vedtak om skuleskyss i perioden november-feburar. Elevane frå 1. trinn har skyss heile året.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Kartlegging av vegstrekninga:

Gang-/sykkelveg:	Ca 50 m fortau v/ein haldeplass. Elles er det ikkje slike anlegg
Veglys:	Heile strekninga
Fartsgrense:	50 km/t
Breidde:	Eit felt med svært varierende breidde. Deler av vegen ca 1,5 km er smal, deler er så smal at det ikkje er plass til elever og bil samstundes.
Trafikkarlege punkt:	Siste trafikkteljing vart gjennomført i 2001.
Merknader:	Kommunen har gjennomført observasjon av strekninga onsdag 16.06.2016 mellom kl.08.30-09.50. Det ble registret stor trafikk. I tillegg til fleire personbilar, kjøre tre lastebilar og ein buss.

### **Vurdering**

Kommunen godkjenner å gi elevane frå 1.-7. trinn på strekninga Litlebergen – Grasdal skule gratis skyss heile året grunna farleg veg. Sist denne strekninga vart vurdert i 2001 har det vore bygd nye bustader i området, og Espira Mathaugen barnehage i nærleiken av Grasdal skule opna i 2007. Trafikken har auka som ein konsekvens av dette. Kommunen vurderer at elevar frå 1.-7. trinn ikkje vil ha føresetnader for å ta seg forsvarleg fram i det aktuelle trafikkbilete på delar av denne strekninga.

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket. Dersom du vil klage, er *fristen tre veker* frå du har motteke vedtaket. Klagen må nemne kva for endring du ønskjer, og bør vere skriftleg. Dersom klagen ikkje er skriftleg, vil kommunen skrive ned klagen. Du bør også grunngje klagen. Du sender klagen til kommunen ved skulefagleg rådgjevar. Dersom kommunen ikkje er samd i klagen din og endrar vedtaket, vil vi sende klagen til Fylkesmannen i fylket, som er endeleg klageinstans.

Du har, med nokre unntak, rett til å sjå dokumenta i saka. Dersom du alt har fått alle dokumenta i saka, skal skulen opplyse om det.

Du kan la ein advokat eller ein annan fullmektig hjelpe til og representere deg på alle trinn i saka. Ein annan fullmektig kan vere ein kven som helst myndig person eller ein organisasjon som du er medlem av. Fullmektig som ikkje er advokat, må leggje fram skriftleg fullmakt.

Fristen for å klage på eit enkeltvedtak er fastsett i forvaltningslova § 29. Regelverket for å sjå dokument i saka finn du i forvaltningslova §§ 18 og 19. Forvaltningslova § 12 seier at du kan bruke ein fullmektig.

Med helsing

Reidun Elin Johannessen  
skulefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ingvild Hjelmtveit

Irene Hystad Hugaas

**Mottakere:**  
Espen Haugen

Litlebergen 23 5918

FREKHAUG